



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Åshild Hjørnevik Vatshelle, 55 57 21 58

Vår dato
09.07.2018
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2018/6032 520
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland

Kontaktpersonar:

Åshild Hjørnevik Vatshelle, fmhoahj@fylkesmannen.no, tlf 55 57 21 58
Silje Holmefjord Lyhammer, fmhosil@fylkesmannen.no; tlf 55 57 21 51 (organisert beitebruk)

Rundskriv 2018-1 Sakshandsamingsrutiner for regionalt miljøtilskot i Hordaland

(Erstattar rundskriv 1/2017)

Fylkesmannen i Hordaland vil med dette rundskrivet informere om rutinar for sakshandsaming ved forvaltning av regionalt miljøtilskot i jordbruket i Hordaland for søknadsomgangen 2018. Sjå òg forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i Hordaland av 9. juli 2018 og rundskriv 2018-17 «*Saksbehandlingsrutiner for søknad om regionale miljøtilskudd i jordbruket- 2018*» frå Landbruksdirektoratet.

1 Innhold

2	Nytt for 2018	2
3	Fristar for søknadsomgangen 2018.....	2
4	Levering av søknad.....	3
5	Dokumentasjonskrav	3
6	Miljøavtale.....	3
7	Kommentarar til tilskotsordningane	4
7.1	Tilskotsordningar som gjeld kulturlandskapstiltak.....	4
7.2	Tilskotsordningar som gjeld biologisk mangfald	5
7.3	Tilskotsordningar som gjeld kulturminne og kulturmiljø.....	10
7.4	Tilskotsordningar som gjeld forureining og utslepp til luft.....	11
8	Kommunen si handsaming av søknadar til RMP og OBB	12
9	Kontroll av ordningane i RMP	12
9.1	Kontroll tilskot kulturlandskap.....	12
9.2	Kontroll tilskot biologisk mangfald.....	13
9.3	Kontroll av tilskot som gjeld kulturminne og kulturmiljø.....	14
9.4	Kontroll tilskot som gjeld ureining og utslepp til luft	15
10	Brukarstøtte; regionalt miljøprogram og organisert beitebruk	16

Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Hordaland er lagt ut på www.lovdata.no og www.fylkesmannen.no/hordaland.

Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i Hordaland (RMP) er vedtatt i samråd med Hordaland Bondelag og Hordaland Bonde- og Småbrukarlag. I prosessen fram til endeleg program og forskrift har Hordaland fylkeskommune ved kulturavdelinga, Norsk landbruksrådgiving Hordaland, Universitetet i Bergen og ein representant frå kommunane i Hordaland delteke (kulturlandskapsgruppa). *Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i Hordaland (RMP)* byggjer på strategiane i det Regionale miljøprogrammet for perioden 2013-2016 og er godkjent av Landbruksdirektoratet.

Dette rundskrivet omhandlar rutinar for sakshandsaming og kommentarar til reglane for forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Hordaland ved søknadsomgangen oktober 2018.

2 Nytt for 2018

Søknadsfristen er flytta frå 20. september til 15. oktober. Den nye søknadsfristen fell saman med søknadsfristen for produksjonstilskot. Vi vonar endringa gjer det enklare for søkjarane å hugse søknadsfristen.

Frå 2018 vert kravet til del bratt areal av total disponert areal, fjerna. Alle som har areal i drift som er markert som bratt i kartet i eStil, kan difor søkje om tilskot til bratt areal. Det er ikkje lenger maksimalavgrensing på kor mange dekar bratt areal ein kan få tilskot til.

Maksimalutbetaling for bratt areal er heva frå kr 25 000 til kr 50 000. Dei same endringane gjeld tilskot til bratt fruktareal («areal med spesielle verdiar»).

Det er lagt til ein ekstra tiltaksklasse for stølsdrift. No vert det skilt mellom stølsdrift i 4-6 veker og stølsdrift i over 6 veker. Det er ikkje mogleg å søkje om tilskot til både 4-6 veker og til minst 6 veker for den same stølsdrifta. For all stølsdrift gjeld kravet om at hovuddelen av mjølkeproduksjonen skal vere på stølen i stølstida og at mjølkeproduksjonen skal skje innanfor kvote.

Dei førebelse satsane for tiltaka «bygdenært» og «styvingstre» er reduserte. Maksutbetalinga for «bygdenært» og «miljøvenleg spreing av husdyrgjødsel» er òg redusert.

3 Fristar for søknadsomgangen 2018

Det er viktig at alle fristar vert haldne for at tilskot kjem på konto som planlagd. Vi tek atterhald om at enkelte fristar kan bli endra.

Oppsummering av fristar for søknadsomgangen 2018:

- 31.07 Teljedato.
- 01.08 Søknadsomgangen opnar
- 15.10 Søknadsfrist for alle ordningar i RMP, unntatt drift av beitelag
- 15.11 Søknadsfrist for tilskot til drift av beitelag
- 16.01 Behandlingsfrist kommunen: godkjenne, avslå eller avvisa (RMP/OBB)– 5% kontrollen gjennomført (frist fastsett av Fylkesmannen i Hordaland)
- 15.02 siste frist for attesting (endeleg vedtak) i kommunane
- 28.02 frist for endring av kontonummer i Altinn (og i LREG-tjenester (kommunane))
- 14.03 Utbetalingsdato for hovudutbetalinga. Søkjarane får pengane på konto.

4 Levering av søknad

Søknaden skal leverast elektronisk via Altinn. Det er òg mogleg å levere søknaden på papir (gjeld ikkje organisert beitebruk). Papir-søknadsskjema til RMP ligg på nettsida til Fylkesmannen. Det er eit krav at søkjar enten må ha e-postadresse eller mobil-telefon for å

kunne levere søknaden. E-post/mobil er naudsynt for at melding om vedtak frå Altinn skal ha ein mottakar, då vedtak ikkje lengre vert send ut på papir.

Søknaden skal vere levert elektronisk eller på papir innan 15. oktober. Med levert søknad meiner vi at søknaden er levert elektronisk via Altinn eller at papirsøknad er levert på kommunehuset eller postlagt seinast 15. oktober. Søkjar er sjølv ansvarleg for søknaden og at den vert levert i tide. Søknader som vert leverte etter søknadsfristen, får eit trekk i tilskotet på kr 1000,- pr. arbeidsdag levert etter søknadsfristen.

Rettleiing til søknadsskjema og teikning i kart ligg i tilknytning til søknadsskjemaet.

<https://www.landbruksdirektoratet.no>.

Frist for levering av søknad til organisert beitebruk er 15.november og kan berre skje elektronisk.

5 Dokumentasjonskrav

Alle som søker om miljøtilskot må ha godkjent sprøytejournal og gjødslingsplan.

Dette er særleg viktig der tilskotet omfattar gjødsling. For nokre ordningar er det òg krav om annan dokumentasjon: Dette er m.a.

- Ved tilskot til beite i kulturlandskapsparkar skal parkane ha skjøtselsplan.
- Søkarar på tilskot til miljøavtale elvemusling skal ha miljøavtale med kommunen
- Søkarar på tilskot til skjøtsel av kystlynghei skal ved utegangerdrift ha løyve frå Mattilsynet ved husdyrhald utan bygningar

6 Miljøavtale

Det er berre krav om miljøavtale for ei ordning: miljøavtale elvemusling. Ein miljøavtale er ein avtale om spesifikke tiltak i drifta for å oppnå miljøgode. Avtalen er ein avtale mellom føretaket og kommunen. Føretak som har miljøavtale elvemusling som gjekk ut ved årsskiftet, kan fornye avtalen med kommunen for sesongen 2018. Nye søkjarar må ha følgd vilkåra heile vekstsesongen 2018 for å ha rett på tilskotet og må ha signert miljøavtale med kommunen.

7 Kommenterar til tilskotsordningane

Dette kapittelet bør sjåast i samanheng med kap. 9 om gjennomføring av den obligatoriske 5% -kontrollen.

Bakgrunn

Målet med tilskota i RMP er at dei skal vere med på å betale for arbeidet med å drive landskapsskjøtsel og hindre ureining og utslepp av klimagassar til luft. Ved tolking av forskrifta skal ein legge vekt på at tilskota er eit årleg skjøtselstilskot til areal eller objekt som er i årleg drift. Søkjar må i tillegg til å disponere det omsøkte arealet/elementet, drive arealet og utføre jamleg skjøtsel på elementet. Tilskotsordninga spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) skal prioriterast til planlegging av fellestiltak, restaurering av kulturlandskap, kulturminne og areal for ivaretaking av biologisk mangfald eller tilrettelegging for friluftsliv, og bør sjåast i samanheng med mogleg RMP tilskot.

7.1 Tilskotsordningar som gjeld kulturlandskapstiltak

§ 4. Miljøtilskot til veglause områder

Bakgrunnen for å etablere ordninga er å stimulere til fortsatt drift av areal som er vanskeleg å skjøtte. Det tidlegare kravet om at en skal vere bufast på garden, er oppheva. Arealet skal haustast ved slått. Det er ikkje nok å køyre over med beitepussar eller å beite areala. Det skal leggjast vekt på heilskapen av skjøtsel av jordbruksareala.

§ 5 Miljøtilskot til areal med spesielle verdiar (bratt frukt)

Dette er ei vidareføring av den tidlegare ordninga tilskot til bratt areal 1:3 frukt. Det er ikkje teknisk mogleg å ha fleire enn to ulike tiltak under bratt areal, difor er det eit eige tilleggstilskot til bratt fruktareal. Tilskotet skal gå til fruktareal som er i aktiv drift til næringsformål. Arealet må vere brattare enn 1:5 og søkjar må har rett på tilskot til bratt areal etter § 7. Ved utfylling av søknaden, må søkjar først registrere bratt areal på kartet før fruktarealet vert teikna inn.

§ 6. Miljøtilskot til lokalt verdifulle jordbrukslandskap – «landskapsparkar»

I arbeidet med etablering av landskapsparkar i 2006 – 2012, har målet vore å kople saman tradisjonell jordbruksdrift med stimulering av prosessar for etablering av næringsklyngar, der lokal verdiskaping tek utgangspunkt i stadeigne ressursar. Ved å etablere ei ordning med tilskot til landskapsskjøtsel med beitedyr i landskapsparkane, er målet å auke fokuset på tradisjonell jordbruksdrift og beitedyra si rolle som landskapsskjøttarar. Frå 2015 var det sett krav om at Landskapsparken har ein skjøtelsplan for areala. Tilskotet vert utmålt etter tal dyr på innmarksbeite i landskapsparken i minst 8 veker, og ikkje berre reknast etter tal dyr medlem i parken disponerer.

§ 7 Miljøtilskot til skjøtsel av bratt areal

Ordninga er ei vidareføring av tilskot til bratt areal. Frå 2018 er det ikkje lenger krav om prosentvis bratt areal av totalarealet. Ordninga er kopla saman med § 5. Tilskotet skal gå til areal i drift, det vil seie at det ikkje er nok å køyre over grasareal med beitepussar. Grasareal skal haustast ved slått minst ein gong i løpet av vekstsesongen. På fruktareal skal trea skjøttast ved skjering, plantevern, gjødsling osv., undervegetasjonen skal slåast og frukta skal haustast. Fruktproduksjonen skal ha næringsformål.

§ 8. Miljøtilskot til beite i utmark

Ordninga skal stimulere føretaka til bruk av fjellbeita og til deltaking i organisert beitebruk. I det regionale bygdeutviklingsprogrammet er eit av måla å stimulere til auka avdrått på beitedyra gjennom auka fokus på beitebruk og utmarksressursane i fjellet. Dyr i organisert beitebruk i låglandet, har ikkje rett på tilskot. Det er medlemmene i beitelaga som kan søkje på dette tilskotet, ikkje beitelaga. Dyra som får tilskot skal ha gått i beitelaget sitt område og tilfredsstillt kravet til beiteperiode tilsvarende krav for produksjonstilskot, minimum 5 veker på beite.

§ 9. Miljøtilskot til drift av beitelag

Dette er ei vidareføring av tidlegare ordninga organisert beitebruk og er eit tilskot til dei organiserte beitelaga. Tilskotet skal stimulere til felles ettersyn og felles sanking. Tilskot vert utbetalt til tal heimsanka dyr. Søknadsfrist er 15.november. Søknad til denne ordninga kan berre gjerast elektronisk.

7.2 Tilskotsordningar som gjeld biologisk mangfald

§ 10. Miljøtilskot til skjøtsel av slåttemark

Berre registreringskartlegging til Naturbase kan avgjere om areal er artsrik eng. Det er Fylkesmannens miljøvern avdeling som kartlegg og registrerer areal for Naturbase. Areal som ikkje allereie er registrert i Naturbase, må først bli kartlagt og registrert før det kan vere

mogleg å betale ut tilskot til dette. Det er positivt at det kjem tips til kommunen om artsrik eng som enno ikkje er registrert. Kommunen melder vidare til Fylkesmannen om areal som må kartleggjast. I dei tilfella ein ikkje rekk registrering før søknadsfristen, kan ein ikkje gje tilskot til arealet.

Vanleg gamal eng med til dømes mykje løvetann, krypsoleie og engkarse blir ikkje rekna som artsrik. Artsrik slåttemark er ugjødsla og oftast prega av mykje urter / blomstrar. Blomstrane treng mykje lys og lite næring, til dømes prestekrage, blåklukke og kystmaure. Areala er oftast skrinne og med glissen vekst, gjerne kantar og bratte bakkar som har blitt ståande att utan å bli dyrka opp.

Retningslinjer for skjøtsel

Tilskotet blir gitt når det vert utført nødvendig skjøtsel for å ta vare på naturtypen. Slått kan bli utført med lett slåtteutstyr, avhengig av kva arealet toler. Pussing med beitepussar blir ikkje rekna som slått. Arealet må bli slått seint kvart år. Blomstrane er avhengig av sein slått, til dømes i løpet av juli eller tidleg august. Dersom slåttan blir for tidleg rekk ikkje blomstrane å setje modne frø som kan spire neste år. Graset må ikkje bli liggande igjen på arealet sidan dette vil gjødsle arealet.

Jordarbeiding, gjødsling, kalking eller isåing er ikkje aktuelt i ein artsrik eng, då dette vil endre vegetasjonen. Særs sur eng med pH lågare enn 4,0 kan likevel bli kalka med skjelsand med berekna mengd for å nå pH 4,0. Eit anna unntak kan vere der det er tradisjon for bruk av små mengder fast sauegjødsel med erfaringar om at dette ikkje har skada enga. Her kan ein etter nærare vurdering drive vidare på same måten. Dette skal vere diskutert med Fylkesmannen på førehand, med skriftleg avklaring.

Ein bør ha beiting vår og haust med sau eller lett storfe. Beiting gjer at blomsterfrøa blir tråkka ned i jorda og spirer. Beitinga fjernar òg graset slik at blomstrane kan vekse opp. Elles vil gammalt gras etter kvart gi gjødslingseffekt, gradvis meir grasvekst og vil «kvele» blomstrane. Beiting med vaksne NRF og andre moderne storferasar er ueigna grunna tråkkskadar. Vårbeitinga bør vere ferdig innan utgangen av mai, slik at blomstrane rekk å bli modne før slåttan.

Dersom praktiske tilhøve gjer at det berre er mogleg med beiting anten vår eller haust kan dette vurderast til å vere tilstrekkeleg dersom veksten på arealet ikkje er for kraftig. Areal som ikkje blir beita i det heile kan ein normalt ikkje få tilskot til. Unntak kan vere skrinne areal med ekstra lite vekst og der praktiske tilhøve gjer at det er vanskeleg å få til beiting, så sant dette ikkje skadar lokaliteten.

§ 11. Miljøtilskot til skjøtsel av kystlynghei

Areal som ikkje er registrert som kystlynghei i Fylkesmannen sine kart over kystlyngheiområda i Hordaland kan bli godkjent av kommunen.

Ordninga er frå 2017 delt for å stimulere til meir brenning av lyngheiene med eit eige tilskot i søknadsomgangen i etterkant av at brenninga er gjennomført.

Skjøtselstilskot: Brenning av lyngheiene er avgjerande for å ha lyng som eigna til beite og bidra til god dyrevelferd. Kravet om brenning i lyngheia for å motta skjøtselstilskot er no

skjerpa. Fylkesmannen har tidlegare sett krav om at all lyng skal brennast i løpet av ein 20 årsperiode. For å stimulere til meir aktiv skjøtsel av kystlyngheia, er det no krav om at kystlyngheia skal ha hatt noko brenning i løpet av dei siste 20 åra (dvs. seinare enn 1998) for å ha rett på skjøtselstilskot, sjølv om det har gått dyr i området. Lyngheia som er i ferd med å gro igjen, har som før ikkje rett på skjøtselstilskot.

Beiting: Med vinterbeite meiner ein beiting i vinterhalvåret frå september til februar. Det er ikkje krav om beiting heile døgnet, og beitinga kan bli kombinert med innefôring. Det må likevel vere reell beiting i kystlyngheia. Full fôring av sau inne eller på fôringsplass og kort tid i lyngheia slik at dyra ikkje rekk å beite på heile arealet blir ikkje definert som vinterbeiting.

Det er krav om tilleggsfôring til dyr som ikkje klarar å skaffe nok næring frå lyngen.

Dyrevelferd og krav anna regelverk: Det er viktig å sikre god dyrevelferd ved beiting i lyngheia og utegangar drift. Å halde husdyr ute heile året utan tilgang på hus, krev særskilt løyve frå Mattilsynet (eige søknadsskjema og krav om driftsplan). Dyra skal heile tida ha tilgang på tilstrekkeleg mat, og dyreeigar skal ha oversikt over flokken. Som rettleiing skal dyra samlast minimum to gongar årleg, det skal førast dyrehaldjournal og kvart dyr skal ha sitt individuelle merke.

Dyreslag: Det er ikkje krav om kva dyreslag som skal beite i kystlyngheia. Beiting med ulike sauerasar og storfe kan ha god skjøtselseffekt, men berre dersom det er eit reelt fôropptak av lyng.

Brenning: Frå 2017 er kravet om brenning skjerpa. Areal som ikkje har hatt noko form for brenning etter 1997 har i utgangspunktet ikkje rett på RMP tilskot.

Beitepress: Ein kan berre få tilskot til areal der beitepresset er høgt nok, og det er gjennomført noko brenning dei siste åra. For sau med utegangardrift kan ein maksimalt ha 40 daa pr. dyr. Når beitepresset er lågare enn dette, det vil seie meir enn 40 daa pr. sau, kan ein ikkje få tilskot for noko av arealet. For lågt beitepress vil ikkje gi ønska skjøtselseffekt i kystlyngheia. For sau med mykje vinterfôring og for storfe må det vurderast i kvart tilfelle om beitetrykket er stort nok til å kunne få tilskot for arealet.

Det er viktig at beitepresset er tilpassa kvaliteten på lyngen. Alderen på lyngen avgjer kor mykje areal ein treng for kvar sau på vinterbeite, til dømes:

<i>Grov lyng, større delar av arealet har ikkje vore svidd dei siste 20 åra:</i>	<i>25-40 daa vegetasjon per sau.</i>
<i>Mykje ung lyng og noko gamal og grov lyng:</i>	<i>15-25 daa vegetasjon per sau.</i>
<i>Ekstra mykje ung og grøn lyng etter jamleg sviing:</i>	<i>10-15 daa vegetasjon per sau.</i>
<i>Dersom det berre er gamal lyng er det ikkje vinterbeite, og kystlyngheia er i ferd med å forsvinne.</i>	

Ein har ikkje tilsvarende retningslinjer for sau med mykje tilleggsfôring og for storfe.

Dersom det gradvis blir mindre lyng og meir gras, er det for mykje dyr på arealet. Når det berre er små område med ung lyng, kan desse lett bli overbeita slik at lyngen går ut. Særleg med storfe må ein sjå til at det ikkje blir overbeiting.

Lyng som er høgare enn 20-30 cm har lite beiteverdi. Når røsslyngen er om lag 20 år gamal er han grov og glissen, med lite grønt å beite på gjennom vinteren. Der det er gamal lyng må ein

svi lyngen for å få beiteverdi. Sviing vil òg hindre attgroing. På vindutsette plassar ut mot havet og der beitepresset er høgt kan lyngen halde seg frisk noko lenger.

Brenneregime: På kystlynghei i drift bør alt arealet vere svidd i løpet av ein 20-årsperiode. Ein bør svi mindre område kvar gong slik at ein alltid har lyng av ulik alder. Dette svarar til at ein optimalt sett i snitt bør svi 5 % av arealet kvart år. I nokre år er det dårlege tilhøve for sviing, men 5 % av arealet bør likevel vere svidd i løpet av dei tre siste åra. Sidan sviinga er krevjande å få til, er det førebels ikkje noko absolutt krav for kor mykje som må vere svidd for å kunne få tilskot. Ein må jobbe for å løyse utfordringar i høve til lokal forståing og samarbeid slik at ein finn praktiske løysingar som sikrar gode rutinar for sviing.

Restaureringsbrenning av attgroande kystlynghei er ekstra krevjande.

Skjøtselsplan kan bli laga med mal frå Fylkesmannen i Hordaland. Dersom ein ikkje brukar malen, skal skjøtselsplanen innehalde informasjon om beiteperiode, tal dekar per dyr, når lyngen sist blei svidd (ulikt for ulike område), plan for sviing og eventuelle utfordringar i drifta.

§ 12. Miljøtilskot til skjøtsel av styvingstre

Styving er hausting av yngre greinar på tre, tradisjonelt brukt til mellom anna fôr, brensel og emneved. Styving av nye tre kan godkjennast når dei inngår som ein del av eksisterande miljø, desse må vere i same høgd som tradisjonell styving. For å unngå at husdyra beita dei nye skota var treet kutta eit stykke over bakken, oftast i brysthøgd eller høgare. Ein kan styve enda høgare i dag *dersom dette er nødvendig* for å unngå at hjorten beiter dei nye skota og øydelegg treet. Lågare kutting av tre enn tradisjonelt blir ikkje godkjent som styving.

Trea må bli styva kvart femte til sjuande år, avhengig av kva som er praktisk. Dersom det er meir enn 7 år sidan eit tre er styvd, kan ein ikkje få tilskot for dette. Tre som ikkje har vore styvd på lang tid må setjast i stand før ein kan få RMP-tilskot til vidare skjøtsel. Istandsetjing kan finansierast med SMIL-tilskot, jf.. kommunale retningslinjer.

Styvinga må bli utført på ein slik måte at treet ikkje blir skadd:

- For å få gode skot på styvingstreet bør ein kappe greinene nokre cm utanfor greinkragen (den synlege overgangen mellom stamme og grein), slik at noko av stubben står att. Dersom ein kappar for langt inn, kjem dei nye greinene dårlegare ut og får dårleg feste.
- Der ein ikkje vil ha ny vekst, bør ein legge snittet ved kapping nær inntil greinkragen. Då gror såret godt. Sjølve greinkragen og gammal bark må ikkje skadast.
- Det er praktisk å styve treet seinhaustes eller om vinteren før sevja stig, dersom lauvet ikkje skal nyttast til fôr. Unngå sterk skjering om hausten, då dette kan forsinke vekstavslutninga og auke risikoen for frostskeidar. Unngå styving ved temperaturar under -10°C. (Eventuell styving til fôr bør utførast kring jonsok og utover sommaren, når fôrverdien er høgast.)
- Bjørk må styvast før mars på grunn av kraftig og tidleg sevjeoppgang og ho må ikkje skjerast på ettersommaren. Bjørk toler berre moderat styving og nokre friske greiner bør stå att som livkvister.

§ 13. Miljøtilskot til beite av biologisk verdifulle areal

Tilskotet gjeld naturtypane «naturbeitemark», «hagemark» og «strandeng».

Berre registreringskartlegging til Naturbase, ansvar Fylkesmannens Miljøvernavdeling, kan avgjere om areal er artsrik beitemark. Areal som ikkje allereie er registrert i Naturbase må først bli kartlagt og registrert før det kan vere mogleg å betale ut tilskot til dette. I nokre tilfelle vil ein ikkje rekke registrering før søknadsfristen, og ein kan då ikkje gi tilskot til arealet.

Det er positivt at det kjem inn tips til kommunen om artsrik beitemark som ikkje enno er registrert. Aktuelle område kan vere haugar, tørrbakkar eller andre stader der det har vore lite gjødsling. For å få arealet registrert kan ein melde frå til Fylkesmannens miljøvernavdeling.

Artsrik beitemark er viktig leveområde for ei rekkje sjeldne og trua beitemarkssopp. Det blir ikkje gitt tilskot til andre naturtypar enn naturbeitemark, hagemark og strandeng, som alle krev beiting for å ta vare på dei verdifulle artane.

Retningsliner for skjøtsel

Tilskotet blir gitt når det blir utført nødvendig skjøtsel for å ta vare på naturtypen. Arealet må bli beita, helst med same type beitedyr og same beitetid som i den tradisjonelle drifta. Planteartar kan forsvinne dersom ein skiftar dyreslag eller endrar beiteperioden.

Tidleg beiteslepp er normalt gunstig. Beitet bør vere godt nedbeita på slutten av sesongen, sidan beitemarkssoppene krev mykje lys og lite oppsamling av næring. Det kan ikkje bli utbetalt tilskot til areal som er tilgrodd eller har så lågt beitepress at mykje daudgras blir liggande att.

Arealet må ikkje vere dominert av tre og buskar som gir mykje skugge. I hagemarker bør ein ta vare på trea, og helst halde fram med hausting av trea for å unngå for mykje skugge og rotvelt.

Jordarbeiding, gjødsling, kalking og isåing er ikkje aktuelt i eit artsrikt beite. Ein gongs gjødsling med gylle eller kunstgjødsel kan til dømes utrydde fleire artar av beitemarkssopp, utan at det er mogleg å få dei tilbake. Det kan likevel vere nokre mindre område innimellom som har vore gjødsla tidlegare, og som ein dermed kan halde fram med å gjødsla på same måten. Ein må ikkje gjødsla område som ikkje har vore gjødsla tidlegare, og ein må ikkje auke gjødselmengda.

Det må takast omsyn til eventuelle tilrådingar for området gitt i Naturbase. Ein må kontakte fagfolk dersom ein er i tvil om korleis beitemarka skal skjøttast.

7.3 Tilskotsordningar som gjeld kulturminne og kulturmiljø

§ 14. Miljøtilskot til støling

Tilskotet blir gitt som eit tilskot til enkelt- eller fellesstøl, med eit tillegg til stølar med foredling. Under fellesstøl skal det først opp tal deltakarar som deltek i stølinga. Fagsystemet delar tilskotet på talet medlemmar. Føretaket må ha hovudproduksjonen av mjølk på stølen i stølingstida for å ha rett på tilskot. Føretak som søker om tilleggsordninga støl med foredling, må levere dokumentasjon på omsetning frå stølen innan 15. oktober for å ha rett på tilskot.

§ 15. Miljøtilskot til skjøtsel av gravminne

§ 16. Miljøtilskot til skjøtsel av gravfelt

§ 17. Miljøtilskot til skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne

Ordninga med tilskot til automatisk freda kulturminne er delt i tre ulike ordningar, §§ 15, 16 og 17. Kulturminna skal liggje på jordbruksareal eller like i nærleiken av jordbruksareal. Til dømes kan kulturminne i overgangen til utmarksbeite eller strandsone, reknast med.

Gravminne er markering av ein gravstad, til dømes ein gravhaug, gravrøys eller flatmarksgrav. Gravfelt er eit område der fleire førhistoriske graver er samla. Automatisk freda kulturminne er faste kulturminne som er eldre enn reformasjonen i 1537.

Tilskotet blir gitt når det blir utført nødvendig skjøtsel for å ta vare på kulturminnet, inkludert sikringssona på minimum 5 meter i alle retningar rundt det freda objektet. Vegetasjon på og ved kulturminnet skal vere skjøtta ved slått eller beiting.

Slått bør gjerast med lett slåmaskin eller kantklippar. Slått med tyngre maskinar må vere avklart med kulturminneforvaltinga hos Fylkeskommunen på førehand. Beiting med småfe gir god vegetasjonsskjøtsel og har minst fare for å skade kulturminnet.

Oppslag av nye tre og buskar skal fjernast. Hogst av eldre tre kan vere ønskeleg, men inneber òg ein risiko for å skade kulturminnet. Alle tiltak på og ved automatisk freda kulturminne er søknadspliktige og må godkjennast av kulturminneforvaltinga i Hordaland før arbeidet vert starta opp.

Informasjonsark frå Riksantikvaren om vegetasjonsskjøtsel ved arkeologiske kulturminne:

http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/175459/1/infoark_735.pdf eller

<http://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/176127>

Kulturminne som ikkje er skjøtta skal ikkje ha tilskot.

§ 18. Miljøtilskot til skjøtsel av steingardar

Tilskotet skal gå til steingardar som vert skjøtta, ikkje til steingardar generelt. Steingardar som ikkje blir haldne ved like, har ikkje rett på tilskot. Der steingarden står i ei eigedomsgrense må grunneigarane einast om kven som søker om støtte. Steingarden må vere minst 75 cm høg og vere i slik stand at den står fram som eit gjerde i landskapet. Det skal vere eit oppmura gjerde, ikkje ei ryddingsrøys. Gjerdet treng ikkje vere heile den opphavlege gjerdelinja, men den delen som det vert søkt om tilskot for, må fram stå som heil. Steingarden

skal haldast såpass fri for vegetasjon at den er synleg og nødvendig vedlikehald må utførast jamleg.

§ 19. Miljøtilskot til skjøtsel av viktige kulturhistoriske område

Ordninga gjeld kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova eller omsynssone kulturmiljø etter plan- og bygningslova. Tidlegare gjaldt ordninga også enkeltbygg, men frå 2013 er det berre kulturmiljø som er med i ordninga. Det kan berre løyvast eitt tilskot pr. kulturmiljø, sjølv om det er fleire grunneigarar.

7.4 Tilskotsordningar som gjeld forureining og utslepp til luft

§ 20. Miljøtilskot til miljøavtale elvemusling

Miljøavtale elvemusling er ein avtale mellom føretaket og kommunen. Tilskotet er utarbeidd for å sikre elvemusling betre livsvilkår, slik at den kan overleve. Tilskot til miljøavtale var ny i søknadsomgangen 2015. Føretak som har miljøavtale elvemusling som gjekk ut ved årsskiftet, kan fornye avtalen med kommunen for sesongen 2018/2019. Nye søkjarar må ha følgd vilkåra heile vekstsesongen 2018 for å ha rett på tilskotet og må ha signert miljøavtale med kommunen.

Fylkesmannen kan hjelpe til med å utarbeide avtalen. Føretaket må kunne vise fram gjødslingsjournal eller liknande som visar at det berre er spreidd gjødsel i det tidsrommet som ordninga skildrar og i riktige mengder.

§ 21. Miljøtilskot til tiltak mot utslepp til luft

Formålet med ordninga er å hindre tap av næringsstoff, redusere luktplager, redusere jordpakking og å sikre at gjødsla vert nytta best mogleg og i vekstsesongen. I forskrifta er fristen for miljøvennleg gjødsling sett til 10. august.

Teigar som vert gjødsla miljøvennleg skal teiknast på kart. All husdyrgjødsel på dei omsøkte teigane skal spreist med nedleggingsutstyr og slepeslange, det vert likevel berre gjeve tilskot for arealet ein gong. Det vert ikkje gjeve tilskot ved bruk av andre spreiemetodar, sjølv om det blir brukt t.d. tilførselsslange eller nedleggingsutstyr på vogn.

Det vert ikkje stilt krav til gjødslingsmetode på dei andre teigane føretaket disponerer, utover at all gjødsling må vere i samsvar med gjødselvarerforskrifta. (Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 4. juli 2003). Der føretak ikkje gjødslar i samsvar med forskrifta, bør alle tilskot til miljøvennleg gjødsling falle vekk.

Pga. søknadstekniske forhold består ordninga av to delar: gjødsling med nedleggingsutstyr og gjødsling med bruk av tilførselsslange. Det vert berre gitt tilskot når begge vert nytta.

Det vert ikkje gjeve tilskot til nedfelling (DGI metoden) pga. fare for jordpakking.

8 Kommunen si handsaming av søknadar til RMP og OBB

Søknad om tilskot frå regionalt miljøprogram skal leverast til kommunen innan fastsett frist, som i Hordaland er 15.oktober for regionalt miljøprogram og 15.november for organisert beitebruk. Det er kommunen som handsamar og fattar vedtak om tilskot. Reglar for

- handsaming av søknadane,
- retting/ending,
- avvising/avslag, avkorting,
- journalføring og arkivering,
- klagehandsaming,
- omgjering av vedtak,
- utbetaling av tilskot

er utfyllande beskrive i Landbruksdirektoratet sitt Rundskriv 2018-17 og vi viser til dette.

9 Kontroll av ordningane i RMP

Føremålet med kontrollen er å sikre likehandsaming, førebyggje feil og at data som er gitt i søknaden er rette slik at korrekt beløp vert utbetalt. Kommunen skal kontrollere 5 % av søkjarane som søker RMP på same vis som for produksjonstilskot. Kontrollobjekta bør veljast ut etter ei risikovurdering, slik at det blir gjennomført kontroll hjå dei føretaka der det er størst risiko for feil, t.d. nye søkjarar, ved store utbetalingar, tilhøve ein oppdagar ved handsaming av søknaden eller anna. Nedanfor er det gjeve ei oversikt over dei ulike ordningane i RMP og ei tilråding om kva ein bør sjå etter på kontrollen. Fylkesmannen anbefaler kommunane å ha eit særleg fokus på ordningar som aukar i omfang, fordrar investeringar eller gjev relativt store utbetalingar, t.d. miljøvennleg gjødsling, slik at ein sikrar at god praksis vert etablert. Viser elles til Landbruksdirektoratets Rundskriv 2017-25, kap. 5.4. Ved kontroll av ordningane bør ein sjå etter/ kontrollere fyljande punkt nedanfor og i samband med omtale av ordningane i kap. 8.

9.1 Kontroll tilskot kulturlandskap

Veglause områder: Arealet skal vere slått i løpet av denne sommaren. Graset skal vere fjerna. Det er ikkje nok å slå med beitepussar. Arealet skal fylle krava til vanleg jordbruksproduksjon, dvs. ikkje ha for mykje ugras, bere preg av attgroing eller svært ekstensiv drift.

Bygdenært: Det bør kontrollerast at landskapsparken har ein skjøtselsplan og at det omsøkte arealet er dekkja av denne. Tilskotet vert utmåla etter dyreeiningar på innmarksbeite. På beite bør ein sjå etter om beitetrykket har vore riktig, slik at arealet verken er beita for hardt eller for lite, og at beite har vore gjennomført i minst 8 veker av det tal dyreeiningar det er søkt om. Omsøkt tal dyreeiningar må stå i forhold til arealet søker disponerer, og er ikkje nødvendigvis tilsvarande det tal dyreeiningar som søker disponerer.

Areal med spesielle verdiar: Arealet må tilfredsstillе krava til bratt areal, jf. kartet i RMP-søknaden. Det bør kontrollerast at arealet er i aktiv drift og fyller krava til vanleg jordbruksproduksjon. I aktiv drift skal frukttræa skjerast og gjødslast, det skal utførast

planteverntiltak -dette gjeld òg ved økologisk drift, undervegetasjon skal slåast og avlinga haustast.

Skjøtsel av bratt areal: Arealet må tilfredsstille krava til bratt areal, jf. kartet i RMP-søknaden og vere fulldyrka/ overflatedyrka areal. Det bør kontrollerast at grasareala har vore slått. Graset skal ikkje liggje att på marka. Det er ikkje nok å bruke beitepussar og/eller beite areala. Arealet skal vere i aktiv drift og fylle krava til vanleg jordbruksproduksjon, dvs. ikkje ha mykje ugras, bere preg av attgroing eller svært ekstensiv drift. For krav til frukthagar, sjå under areal med spesielle verdiar.

Beite i utmark: Søkjar skal vere medlem i eit beitelag. Dei omsøkte dyra skal ha vore på utmarksbeite i fjellet i minst 5 veker og gått i beitelaget sitt område.

9.2 Kontroll tilskot biologisk mangfald

Skjøtsel av slåttemark: Arealet skal vere registrert i Naturbase. Ei registrering i Naturbase er likevel ingen garanti for at arealet har blitt skjøtta riktig og dermed tilfredsstiller krava til ei registrering i naturbase pr. d.d. Arealet skal bere preg av mykje urter/blomstrar av artar som krev mykje lys og lite næring, t.d. prestekrage, blåklokke og kystmaure. Slåttemarkar er ofte skrinne og med glissen vekst.

Det skal vere slått med lett utstyr. Slåtten skal ha vore sein. Graset skal ikkje liggje att på arealet. Slått med beitepussar øydelegg slåttemarka og kan ikkje godkjennast. Enga skal ikkje ha vore jordarbeida, gjødsla, kalka eller sådd i. Enga skal ikkje vere prega av attgroing. Marka bør beitast vår og haust i tillegg til sein slått om sommaren. Vaksne dyr av moderne storferasar som NRF o.l. skal ikkje brukast som beitedyr. Areal som ikkje er beita, har ikkje rett på tilskot. Unntaket er skrinne areal med lite vekst og som det er praktisk vanskeleg å få beita. Desse kan få tilskot så sant mangelen på beiting ikkje skadar slåttemarka.

Skjøtsel av kystlynghei: Arealet skal vere registrert på kystlyngheikarta for Hordaland. Dersom kommunen oppdagar areal som ikkje lenger kan reknast som kystlynghei, må Fylkesmannen bli informert, slik at karta blir oppdaterte.

Lynghelia skal vere beita om vinteren. Beitepresset må vere høgt nok for at søkjar kan få tilskot. Beitepresset skal gå fram av skjøtelsplanen til føretaket. Sjå etter om arealet er overbeita. Lynghelia bør ikkje vere dominert av lyng høgare enn 20-30.

Det skal vere planlagt og forsøkt utført sviing av lynghelia. Om lag 5 % av arealet bør vere svidd i løpet av dei siste 3 åra. Det **skal** ha vore utført sviing på arealet dei siste 20 åra. Unntaksvis kan areal som ligg langt mot havet, med mykje vind og godt beitetrykk, ha frisk og fin lyng sjølv om det er meir enn 20 år sidan arealet er svidd og arealet kan godkjennast sjølv om kravet til sviing ikkje er oppfylt.

God dyrevelferd: Aktiv skjøtsel av kystlyngheia er ein føresetnad for å sikre gode beite til dyra som går i område. Om ein vert i tvil om det er god dyrevelferd, bør Mattilsynet kontaktast. Merk: Utegangar drift er ikkje fritatt for krav om dyrehaldjournal, alle dyra skal vere merka og dyreeigar skal kunne gjere greie for dyra i flokken.

Brenning av kystlynghei: Tilskotet gjeld areal som har vore brent siste sesong (vinter 2017/2018). Arealet skal vere merka på kart og ein skal kunne sjå at lyngen er svidd av i heile det området det vert søkt om tilskot til.

Skjøtsel av styvingstre: Trea skal vere styva om lag i brysthøgde eller høgare. Lågare styving enn dette blir ikkje godkjent. Greinene skal vere kappa nokre cm utanfor greinkragen. Trea skal styvast kvart femte til sjuande år. Tre som det er lengre enn 7 år sidan førre styving, kan ikkje godkjennast. Trea skal vere frittstående, dvs. ikkje vere omkransa av krattvekst. Dei skal stå på innmarksareal eller utmarksbeite som er i aktiv drift og dermed ikkje prega av attgroing. Nokre få nye styvingstre kan godkjennast som erstatning for eldre styvingstre som døyr. Nye styvingstre må ha vore styva i minst to syklusar for å ha rett på tilskot og dei må inngå i eit miljø av eldre, levande styvingstre. Det kan ikkje godkjennast større tal med nye styvingstre.

Beite av biologisk verdifulle areal: Arealet skal vere registrert i Naturbase før søknadsfristen som 'naturbeitemark', 'hagemark' eller 'strandeng'. Ei registrering i Naturbase er likevel ingen garanti for at arealet har blitt skjøtta riktig og dermed tilfredsstillar krava til ei registrering i naturbase pr. d.d. Arealet skal vere beita årleg. Beite skal vere godt nedbeita på slutten av sesongen. Tilgrodde areal eller areal der beitepresset er så lågt at mykje døydt gras blir liggjande att, skal ikkje godkjennast. Arealet skal ikkje vere dominert av tre og buskar som gir mykje skugge. I hagemarker må ikkje trea ha blitt for tette. Det skal ikkje ha vore jordarbeiding, gjødsling, kalking eller isåing på beitemarka.

Søkjjar må ha tatt omsyn til eventuelle tilrådingar for området i Naturbase.

9.3 Kontroll av tilskot som gjeld kulturminne og kulturmiljø

Støling: Hovuddelen av mjølkeproduksjonen skal i stølingstida føregå på stølen. Føretaket bør kunne dokumentere at det har hatt drift på stølen i den omsøkte perioden. Mjølkeproduksjonen skal vere innanfor normal produksjon. Føretak som har støl med foredling, må levere dokumentasjon på omsetning frå stølen innan 15. oktober.

Skjøtsel av gravminne, skjøtsel av gravfelt og andre automatisk freda kulturminne: Vegetasjonen rundt kulturminnet skal vere slått og/eller beita. Dette inkluderer sikringssona rundt kulturminnet, sikringssona går minimum 5 meter rundt på alle kantar. Slått bør vere gjort med lett slåmaskin eller kantskipper. Dersom området er brukt til storfebeite, bør ein sjå om det har ført til tråkkskader og slitasje på kulturminnet. Tunge maskiner kan skade og må vere avklart med kulturminneforvaltninga hjå Fylkeskommunen. Oppslag av busk og kratt skal fjernast jamleg. Fjerning av større tre må vere avklart med Fylkeskommunen på førehand. Søkjjar bør kunne leggje fram dokumentasjon på kontakt med Fylkeskommunen i samband med avklaringar om skjøtsel. Tilgrodde kulturminne gjev ikkje grunnlag for tilskot.

Skjøtsel av bakkemurar, trerekker, skigardar: Ordninga gjeld berre for steingardar. Denne ordninga er vanskeleg å kontrollere på anna vis enn ved synfaring og det er difor viktig at kontrollen vert utført grundig nok. Det bør målast lengde og høgde på steingarden. Steingarden skal vere minst 75 cm høg. Samanraste deler kan ikkje reknast med i lengda. Det bør ikkje vere for mykje tre og krattvekst inntil steingarden, steingarden skal vere synleg. Dette gjeld begge sider av steingarden. Steingarden må vere i såpass stand at den fungerer og

ser ut som eit gjerde. Steingarden skal gå over eller i kanten av innmark. Føretaket må gjere jamleg vedlikehald på steingarden for at det skal ha rett på tilskot. I tilfelle der det er to naboar som søker om tilskot til den same steingarden, er det det føretaket som har gjerdeplikta som har rett på tilskotet.

Skjøtsel av viktige kulturhistoriske område: Kulturmiljøet skal bere preg av jamleg vedlikehald. Hovudinntrykket av kulturmiljøet må ikkje vere sterkt forfall og eller attgroing. Det skal vere utført aktiv skjøtsel for å ha rett på tilskotet.

9.4 Kontroll tilskot som gjeld ureining og utslepp til luft

Miljøavtale elvemusling: Føretak som har hatt miljøavtale, men der avtalen har gått ut, må fornye denne med kommunen. Nye føretak må inngå miljøavtale før dei kan søkje om tilskotet. Både nye og gamle søkjarar må ha følgd vilkåra i miljøavtalen heile vekstsesongen 2018 for å ha rett på tilskot.

Søkjar må kunne framvise gjødslingslogg med dato for gjødsling, teig og mengde gjødsel som er nytta. Det kan vere aktuelt å samanhalde dokumentasjon i gjødslingsjournalen med lagringskapasitet og tal dyr som føretaket held. Der spreieareal er langt unna driftssenteret skal det sannsynleggjerast at dette er nytta.

Har plantevernmiddel vore nytta, skal sprøytejournal framleggast. Det skal ikkje vere nytta plantevernmiddel i kantsona, unntatt ved spesielle punktspøytingar.

Kantsone: Det skal ikkje vere gjødsla 2 meter frå vasstrengen og halv gjødsling 2-5 m frå vasstrengen.

Alle inngrep i direkte tilknytning til vasstrengen krev godkjenning frå miljømynde. T.d. uttak av grus, kryssing av elv, endring av elveleie m.v. krev godkjenning. Løyve til tiltak må vere dokumentert.

Tiltak mot utslepp til luft:

Tilskotet gjeld spreieing av husdyrgjødsel i veksande kultur, dvs. eng på fulldyrka og overflatedyrka areal. (Beite er som kjend ikkje godkjent spreieareal for husdyrgjødsel.)

All husdyrgjødsel tilført omsøkt areal, og som er kartfasta, må vere spreidd på miljøvenleg måte. Øvrig areal føretaket disponerer kan vere gjødsla på anna måte, men alltid i tråd med gjødselvareforskrifta. Brot på gjødselvareforskrifta er grunnlag for bortfall av tilskot til miljøvennleg gjødsling.

Minste spreiemengde på fulldyrka og overflatedyrka areal er 5 kg total-N pr. daa.

Areal som får tilskot, må haustast eller beitast etter spreieing same år.

Søkjar må kunne vise fram gjødslingslogg med dato for gjødsling og om lag kor mykje gjødsel som er tilført dei ulike teigane som får tilskot. Dersom søkjar sjølv ikkje har det nødvendige utstyret, må han/ho kunne gjere greie for kvar utstyret er leigd eller kven som har utført gjødslinga.

Det skal ikkje vere gjødsla før vekstsesongen er i gang, og uansett ikkje før 15.mars og ikkje gjødsla seinare enn 10. august.

10 Brukarstøtte; regionalt miljøprogram og organisert beitebruk

- Søkjarar til RMP eller OBB kontaktar kommune for brukarstøtte.
- Kommunane kontaktar Fylkesmannen i Hordaland for brukarstøtte

Ved eventuelle problem i samband med sakshandsamingsprogrammet eStil vil informasjon frå Landbruksdirektoratet, som er viktig for søkjar og sakshandsamar, vere å finne under «viktig informasjon» i eStil. Fylkesmannen vil også informere kommunane pr. e-post om vesentlege tilhøve og naudsynt informasjon gjennom sakshandsaminga. Landbrukskontora vert bedne om å melde frå om info pr. e-post ikkje kjem til rett sakshandsamar.

Du finn ei detaljert brukarvegleiing for kommunane på eStil sine tenestesider og under «spørsmål og svar» på Landbruksdirektoratet sine heimesider. Vi orsakar at denne informasjonen berre er tilgjengeleg på bokmål.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Åshild Hjørnevik Vatshelle
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.